

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FA-Q87
Arkivsaksnr: 14/482	Løpenr: 14/3714
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	25.06.2014	040/14	TR

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL TRANSPORT TIL FJORDTØANNA**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert stilt til disposisjon inntil kr 10.000 til finansiering av transport av besøkande som ikkje er i stand til å gå frå brua på FV 48 og vegen opp til Fjordtønna. Tilskotet gjeld for sommarsesongen 2014. Utgiftene skal finansierast av næringsfondet.

Samnanger kommune vil inngå avtale med Tide Buss v. Jan Sunde om ordninga for deira turar. Fjordtønna må ta ansvar for det praktiske knytt til andre transportørar.

25.06.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

FORM-040/14 VEDTAK:

Det vert stilt til disposisjon inntil kr 10.000 til finansiering av transport av besøkande som ikkje er i stand til å gå frå brua på FV 48 og vegen opp til Fjordtønna. Tilskotet gjeld for sommarsesongen 2014. Utgiftene skal finansierast av næringsfondet.

Samnanger kommune vil inngå avtale med Tide Buss v. Jan Sunde om ordninga for deira turar. Fjordtønna må ta ansvar for det praktiske knytt til andre transportørar.

Dokument som er vedlagt:

Kommunal veg til Fjordtønna - vanskar med busstransport. Spørsmål om kommunal hjelp til å finna løysing

Kommunal veg på Indre Tysse - tilkomst med buss
Kommunal veg på Indre Tysse - tilkomst med buss
Vedrørende buss og anna besøk til Fjordtønna Economusee i sommer
feilregistrering
2014.pdf
Vegen til Fjordtønna - førebels tilbakemelding

Kva saka gjeld:

Eigar av Fjordtønna, Johannes Tysse har vendt seg til kommunen å vist til at det ikkje er mogleg for bussar å kjøra opp til Fjordtønna. Vegen frå Fv 48 og opp til verksemda er ein kommunal veg. Vegen har blitt opprusta mykje, men ei opprusting til å handtera bussar av den storleik det her er snakk om vil kosta store summar.

Det er og ein diskusjon om kva kommunen har bunde seg opp til ved inngåing av avtale om Economusee. Denne delen av saka vil ein koma attende til seinare i haust. No er problemstillinga å finna løysing for inneverande sommarsesong.

I notat til formannskapet er det gitt nærare greie for ulike problemstillingar og det er også skissert ei løysing som inneber at kommunen tek heile eller delar av kostnaden med drosjeskyss for dei personane som ikkje er i stand til å gå den siste strekninga.

På bakgrunn av dei uformelle drøftingane onsdag 18.6.2014 vert det gitt ei tilråding om å løyva inntil kr 10.000.

Rådmannen har i dag, fredag 20.6.2014 vore i telefonsamtale med Tide Buss v. Jan Sunde som stadfester at ei ordning som skissert i notatet er fullt ut handterbart frå deira si side. Dei har tilsvarande ordning – dvs. med mellomtransport – andre stader i Hordaland.